



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
10/2017	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	14.06.2017

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Solrun Hauglum	FA - L06	17/717

### TILKOMST TIL DALE KYRKJE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Sak 10/2017**

##### **RFF - Behandling:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne var på synfaring i kyrkja på Dale for å vurdere tilkomst for personar som nyttar ganghjelpemiddel eller rullestol.

##### **RFF - Vedtak:**

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at det vert tilrettelagt for at personar som nyttar ganghjelpemiddel og rullestol, kan komma inn hovudinngangen til kyrkja på Dale.

##### **Saksopplysningar:**

Det er ikkje tilrettelagt for tilkomst for alle inn kyrkjedøra til Dale kyrkje. Personar som nyttar rullestol, kjem ikkje inn hovudinngangen, men må nytta ein sideinngang.

##### **Bakgrunn**

Eldrerådet i Vaksdal kommune hadde vanskar med tilkomst til Dale kyrkje oppe som eventuelt-sak på møte 23.02.2017.

Eldrerådet sende saka til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne for vidare handsaming. Saka var oppe som referat-/meldingssak på møte i Rådet 09.03.2017. Rådet vedtok å følgja denne saka vidare og ba om synfaring ved Dale kyrkje på neste møte.